



## Referat frå kommunemøte torsdag 18. juni

**Tema:** Koronaberedskap

**Deltakarar:** Fylkesmannen, kommunane, Helse Bergen, Helse Fonna og KS

**Ikkje til stades:** Askøy kommune, Aurland kommune, Austevoll kommune, Eidfjord kommune, Gulen kommune, Hyllestad kommune, Luster kommune, Lærdal kommune, Osterøy kommune, Sunnfjord kommune, Stryn kommune, Tysnes kommune, Voss herad og Årdal kommune

### 1. Plan for møteavvikling og rapportering i sommar

Vi tek no ein pause for sommaren frå dei faste telefonmøta. Første planlagde møte etter ferien vert **torsdag 20. august kl. 13.30**. Vi vil kome tilbake med innkalling til ny møteserie.

Viss vi ser at det vert behov for det vil vi raskt kalle inn til eit møte. Innkallinga vil da gå til rådmann, beredskapskontakt og kommuneoverlege/smittevernlege i kommunane. Vi vil i tillegg sende innkallinga til beredskapsadressa til kommunane. Det er viktig at kommunane sjølv syt for at e-postar til beredskapsadressa vert vidaresendt til alle relevante aktørar i kommunen.

Viss de har spørsmål i løpet av sommaren kan dei, på same måte som no, sendast til beredskapsadressa ([fmlberedskap@fylkesmannen.no](mailto:fmlberedskap@fylkesmannen.no)) eller de kan ringe på beredskapstelenon (tlf. 916 99 098).

Vi minner elles om at vi ikkje krev ei fast rapportering. Vi ber likevel om at de orienterer oss viss det oppstår noko spesielt, t.d. lokale smitteutbrot. På same måte be vi om at de rapporterer viss det er problem/avvik i samfunnskritiske funksjonar.

### 2. Samfunnsmedisinsk kompetanse gjennom sommaren

Vi har fått tilbakemelding frå nokre kommunar om at dei slit med å ha tilgang til samfunnsmedisinsk kompetanse gjennom sommaren. Her vil vi minne om at kommunane har ein lovfesta plikt til å ha samfunnsmedisinsk kompetanse. Vi tilrår at alle kommunane forsikrar seg om at de har både samfunnsmedisinsk og smittevernfagleg kompetanse tilgjengeleg gjennom sommaren.

Viss det er nokon som slit med å finne tilstrekkeleg resursar internt eigen kommune så tilrår vi at de samarbeider med nabokommunane eller nyttar vikarar. Vi vil her minne om Helsedirektoratet sin personelldatabase kor ein kan sjå om det er slik kompetanse er tilgjengeleg i sitt område.

### 3. Fleire turistar etter opning av grensar

Helsedirektoratet sendte den 12. juni ut eit brev til landets kommunar om venta auka innreise av turistar til Noreg og konsekvensar for smittevernet. Fylkesmannen er i samband med dette blitt bedt om å informere om regjerings vedtak som trådde i kraft 15. juni om at personar busett i Danmark, Finland,



Island, Færøyene, Grønland, Åland og Gotland i Sverige, blir friteke frå karanteneplikta. Turistar busett i andre deler av Sverige eller andre land, må i karantene i 10 dagar. Dette kan føre til at smittepresset i Norge kan auke, særleg i turistkommunar. Det er viktig at kommunane planlegg for dette og sikrar tilstrekkeleg beredskap òg i ferietida.

Politiet har ikkje kapasitet til å ivervake alle grenseovergangar til ein kvar tid. Dette er med på å skape utfordringar knytt til å sikre at dei som ikkje skal inn i landet vert vist vekk ved grensa. Det er òg krevjande å skulle ha oversikt over kva utlendingar i Noreg gjer, og kor lenge de har vore i landet (om dei til dømes er ferdig med karantenetid).

Føresegne i smittevernlova om tenester og tiltak gjeld for ein kvar som oppheld seg i Noreg, uansett statsborgarskap og varigheita av opphaldet, da smittevern hjelpe ikkje berre ytast av omsyn til pasienten, men òg for unngå spreiing av sjukdom. Ved behov for smitteoppsporing over landegrenser kan de kontakte smittevernvakta hjå Folkehelseinstituttet.

#### **4. Rapportering av smittevernutstyr**

Helsedirektoratet ønskjer at kommunane skal halde fram med å rapportere på lagerbeholdning og forbruk av smittevernutstyr. Grunnen til dette er at oversikta over lagerbeholdning er naudsynt for omfordeling av utstyr ved behov, og det gir også informasjon om kor robuste kommunane er og beredskap.

Fordeling av utstyr vil halde fram med å bli fordelt etter folketal gjennom sommaren. Talet kommunar med lagerbeholdning med under tre vekers varigheit blir stadig mindre, og det venast fleire store leveransar gjennom sommaren. Behaldninga i nasjonale lager byrjar òg å bli betydeleg, slik at ingen kommunar skal stå utan det utstyret dei har behov for, melder Helsedirektoratet.

Nokon kommunar melder om utfordringar med omsyn til lagerkapasitet. Fylkesmannen oppmodar til lokale eller regionale samarbeid om dette.

Helse Bergen melder om at dei har blitt einig med kommunane om å prioritere å rapportere på status for smittevernutstyr anna kvar veke. Dei har i tillegg eit møte i veka i underutvalet for smittevernutstyr og følgjer gjennom dette tett opp kommunane.

#### **5. Spyttetesting**

Helsedirektoratet informerer om at piloten for spytttesting vil starte i Oslo 22. juni. Det vil ikkje vere aktuelt å rulle ut spytttesting i andre områder før tidlegast etter sommarferien.

Kapasiteten for analyse ved vanlig testing er god – ca. 100.000 testar per uke.



## 6. Svartid på Covid-19-testar

Nokon kommunar i Sunnhordaland har rapportert at det tek lang tid å få svar på covid-19-testar, og at noko av årsaka til dette er lang transporttid til sjukehuslaboratoriet. Fylkesmannen tok opp denne problemstillinga med helseføretaka i går. Helseføretaka er innstilt på å bidra til å korte ned transporttida og ber kommunane som har dette problemet ta kontakt med dei direkte.

Etter planen vil Helse Fonna ila sommaren få på plass nytt utsyr som vil auke kapasiteten hjå dei, men fram til det er på plass så tilrår helseføretaket kommunane å sende sine prøver til Helse Bergen (eller Helse Stavanger).

Helse Bergen har i dag ei avtale med sine 18 kommunar om transport av testprøver. Viss det er kommunar i Sunnhordaland som ønskjer å vere med i denne ordninga kan dei ta kontakt med Randi-Luise Møgster på e-post: [randi-luise.mogster@helse-bergen.no](mailto:randi-luise.mogster@helse-bergen.no).

## 7. Opning av nav-kontor

Vi skreiv brev til kommunane 5. juni kor vi oppmoda at alle nav-kontora vert opna. Vi manglar framleis tilbakemelding frå ti kommunar, og ber om at dei det gjeld gir oss ei tilbakemelding.

Kommunane i Vestland har vore dei treigaste til å opne opp at nav-kontora. Vi har ei klar forventning om at alle kontora vert opna før utgangen av juni.